

Opningstider Kultur og Fritid

Hovden grendehus og bibliotek tel. 902 16 856	Bykle samfunnshus og bibliotek tel. 476 85 262
Måndag-torsdag 8-21 Fredag 8-16	Måndag 10-16.30 Torsdag 10-16.30
Redusert opningstid i romjula: 27.-29. desember kl. 9-16	Meiropent bibliotek alle dagar 7-23
Stengt 25. og 26. desember og 1. januar.	Stengt veke 52 og 1. januar 2024

For spørsmål og informasjon ta kontakt med oss

- Leige pr dag i vekedag er gratis for alle som bur i Bykle kommune.
- Leige pr dag enkeltrom utanom opningstid for lokale lag/org kr 400,-
- Ein kan også leige klubbhuset i Bykle og Flatelandstoga.
- Me i kulturavdelinga hjelper deg gjerne med å få ut info via Spond når det gjeld tilbod rette mot alle barn/unge frå 4.trinn -10. trinn.

kultur@bykle.kommune.no

Facebook: Bykle folkebibliotek, Bykle kommune, Ungdomsarbeid i Bykle og på Hovden.

Utanom opningstid:

Alle kan låne Hovden grendehus og Bykle samfunnshus ved behov også utanom opningstid. For avtale om leige av hus eller enkelt rom ta kontakt med oss på kultur@bykle.kommune.no.

Bruk retta mot lokale barn og unge i regi av vaksne er gratis for lokale innbyggjarar.

Tilbodet i Bykle i opningstida:

Styrkerom: Treningsrom for drop in trening utanom faste aktivitetar. Aldersgrense 16 år, eller frå 8. trinn med kursbevis. (fysioterapeut tilbyr årleg kurs) Inneheld tredemølle, spinning sykklar, apparat, vektstenger/manualar div. treningsmaskinar, mattar m.m.


Gratis badetilbod i Bykle:

Familiebadning: Kvar torsdag kl 1700-1800 og
Vaksenbadning: kvar torsdag kl 1800-1900



Hemsen for alle barn og unge

Frå kl 18.00 man-tor er den for ungdom 8.trinn -VGS. Her har me biljard, bordtennis, PlayStation 5, Xbox x, Nintendo switch, VR briller og brettspel.



Tilbodet på Hovden i opningstida:

Dansesal: her er det fint drive med både dans, yoga og anna styrketrening. Passer for små og mellomstore grupper.

Mosjonsrom for lokale innbyggjarar: Vi har eit lågterskel mosjonsrom med tredemøller, ro-maskin og enkle apparat. På mosjonsrommet kan du trene enkeltvis eller kanskje samle saman vener og familie for enkel mosjon- og styrketrening. I mosjonsrommet er det drop in, så her er det er berre å komme innom. Tilbodet kan nyttast og er gratis for alle med fast bustad i kommunen.

Buldreveggen vår har blitt eit godt besøkt tilbod som mange nyttar seg av. Det er me utruleg glad for. Frå 8. trinn kan barn booke sjølv så fremt føresette har skrevet under på ansvarserklæring. Link til denne finner du på kommunens nettside Kultur og fritid, Hovden grendehus.



Følg Bykle kommune på **facebook**



@BYKLE_KOMMUNE



Byklaren

eit informasjonsblad frå Bykle kommune

Desember 2023 34. ÅRGANG | OPPLAG 502



LaurdagsOpe grendehus
GLEDELEG JOL
2. desember, kl 10:00-15:00

*OPNING AV DEN MYKJE OMTALA PEPPERKAKEJOLEBYGDA
*JOLEVERKSTAD KL 11:00 - 14:00
*KAFÉSAL
*OPEN BULDREVEGG OG MYKJE MEIR

VED SPØRSMÅL VEND DEG TIL HOVDEN GRENDEHUS T: 90216856

OPNING av pepperkakejolebygda Hovden grendehus laurdag 2. desember

HUGS Å LAG DITT BIDRAG TIL PEPPERKAKE UTSTILLINGA INNAN 2. DESEMBER (GJERNE FØR)



Oppmodar lokale, skular, barnehagar, hyttebyklarar, næringa, lag og organisasjonar til å vere med å lage Bykle historia si beste Pepperkakejolebygd! Berre fantasien set grensar!

ARRANGØR: KULTUR OG FRITID

SUMMIT FRITIDSKLUBB

JUNIORKLUBB OG ARRANGEMENT
TIRS 12.12, KL 17:30 - 19:30
KLUBB/JULEKOS
HOVDEN GRENDEHUS

UNGDOMSKLUBB OG ARRANGEMENT
ONS 06.12 KLUBB/PEPPERKAKEHUS
HOVDEN GRENDEHUS 18:30 - 21:00

ROMJULEN: INFO kommer på SPOND OG FACEBOOK

MED FORBEHOLD OM ENDRINGER FOR MER INFO LAST NED APPEN SPOND: IFZBR
KULTUR@BYKLE.KOMMUNE.NO

Bygdefest i Bykle samfunnshus

Skulen, kulturskulen og barnehagen i Bykle arrangerer sin årlege bygdekvevd på Bykle samfunnshus onsdag 20.12.



Program:
kl 17.30 – kaffe, te og småkaker i foajen
kl 18.00 – Bygdekvevden starter
Vel møtt til alle !



Me arbeider og med å få til kurs i redesign. Fint med tilbakemelding om nokon er interessert.

Har du lyst til å lære å lage vårrullar?

May Lay Thein vil lære oss å lage vårrullar. Fjellgardane skule 18.jan. kl. 18.00 – 21.00.

Pris medlem kr. 50/t, ikkje medlem kr 100/t. I tillegg kjem råvarer som lærar kjøper inn. Påmelding til Liv Breivegen tlf. 95241565 innan 10. januar.

Torsdag 15. – t.o.m søndag 18. februar vert det kurs i **sauming av vikingklede** med Borghild Nekstad frå Trøndelag. Oppstart kl 17.00 på Hovden Grendehus. Meir info kjem seinare. Påmelding til Liv Breivegen innan 1. februar 2024.

Lucia-fest fredag 15.des

Kl 17.00 fakkeltog frå sentrum til grendehuset Lucia-opptog, kaker og program på Hovden grendehus etterpå. Alle velkomne!

Helsing Fjellgardane barnehage og skule

Boksirkele

Møtast måndag 4/12 klokka 19 i biblioteket på Hovden grendehus. Me les boka "Trilogien" av Jon Fosse. Biblioteket kan skaffe boka til alle som vil vere med



Velkomen!

Mvh Merete, Bykle Frivilligsentral



www.bygdekinoen.no

Bykle samfunnshus

Måndag 4. desember:

Kl 18.00 - "Wonka"
Kl 20.00 - "The Hunger Games: The Ballad of Songbirds and Snakes"


Hovden grendehus

Laurdag 2. desember:

16.30 - "Den første julen i skomakergata"
18:30 - "There's something in the barn"

Laurdag 16. desember:

16.30 - "Wonka"
18.30 - "Priscilla"





www.bykle.kommune.no

Byklaren er eit kommunalt informasjonsblad. Vi tek med kunngjering om arrangement og aktivitetar i regi av lokale lag og organisasjonar. Innslag sendast med tekst og bilete til: byklaren@bykle.kommune.no Frist er 15. kvar månad.

Politiske møter og saksdokument
finn de på heimesida eller følg QR'en



Høyrsel

Audiograf Caroline Dankworth fra LMT Evje, kjem til Bykle helsesenter på kommunebesøk 13. desember Dette er eit tilbud til deg som allereie har høyreapparat. Ønskjer du time ta kontakt med høyrselkontakt i kommunen: Annette Trydal, telefon 91641495, epost annette.trydal@bykle.kommune.no

Informasjon frå Bykle og Valle helseteneste:

Hovden legekantor er stengt 5. desember kl. 08.00-13.00 pga kurs.

Bykle legekantor er stengt i romjola.

Dersom du treng covid-test kan det hentast gratis på legekantora. Har du symptom vil vi gjerne at du ringer oss før, for å avtale tid for henting.

Rådhuset er stengt i romjola for vitjing og telefonar

Ny biblioteksjef

Då har vi endeleg fått ny biblioteksjef til Bykle og Hovden Folkebibliotek. Me er stolte av å kunne presentere Magnus Løseth Magnússon- som er nyutdanna bibliotekar frå Oslomet Storbyuniversitet Bibliotek- og Informasjonsvitenskap.

Han har flytta til Hovden og gler seg til å ta fatt på mange spennande oppgåver som fylgjer stillinga.

Kom innom å slå av ein prat. Magnus viser deg gjerne det nye tilbodet vårt der biblioteks pc har flytta inn i eit stille arbeidsrom på Hovden grendehus.



Tømekalender

Restavfall: 13.12

Matavfall: 13.12, 27.12

Papir, glass/metall, plast: 27.12

Gjenvinningsstasjonen på Tykkås har ope:

- Kvar torsdag: 12:30 - 18:30

- Den 1. laurdagen i kvar månad frå kl. 09:00 til 15:00.



Bykle kommune
BYKLE SER LANGT

Sarvsvegen 14, 4754 Bykle
Mån - fre: 09:00 - 14:00

T: 37 93 85 00
E: postmottak@bykle.kommune.no



DEN NORSKE KYRKJA

Kyrkja i Bykle, Valle og Hylestad

www.valle.kyrkja.no / www.bykle.kyrkja.no

Sundag 3. desember kl 11.00 Gudsteneste i Bykle kyrkje

Fredag 8. desember kl 19.00 Jolekonsert med «Tidløs» i Bykle kyrkje

Du får servert eit breitt utval av tradisjonelle og nyare, samt eigenkomponerte jolesonger.

Jolesongene er arrangert på «Tidløst» vis og kan bringe fram både tårer og begeistring, med jola sin bodskap i sentrum. Billettar kjøper du med Vipps i døra. Vaksne: 200 kroner. Fri inngong for dei under 16 år.



Sundag 10. desember kl 16.00 Ljosmesse og jolekonsert i Bykle kyrkje

Bykle og Fjellgardane barnekor, Bykle musikkorps, Bykle songlag, konfirmantane og «Noregs lengste korps» deltek.

Sundag 24. desember kl 13.30 Jolegudsteneste i Hovden grendehus

Sundag 24. desember kl 15.00 Jolegudsteneste i Bykle kyrkje

Laurdag 30. desember kl 19.00 Romjolskonsert i Fjellgardane kyrkje

I år har Inger Lise med seg sin nevø og countryartist, Arthur Stulien. Saman framfører dei jole- og countrysongar, og det blir i tillegg folkemusikkinnslag av borna til Inger Lise. Billett kostar 300 kr, enten Vipps i døra eller på turistkontoret.



Setesdal Spelemannslag - aktivitet i desember

Torsdag 7. desember Kvedarstund/Jolesonger i Spelestoga
Ansvarlege: Kirsten og Knut Olav

Fredag 29. desember kl. 18.00 Jolefest Stad ikkje bestemt, Oppdatert kalenderoppføring kjem!

Juletreffest for store og små i Bykle kyrkje

Kyrkjekjellaren, fredag 5. januar-24, kl 17 varm mat, juletrengang, kaker, brus og kaffi. Ta gjerne med restar av julebakst. Bordkonkurranse Leikar og innslag ved speidarane.

Uventa besøk..... HJARTELEG VELKOMNE! Det vert høve til å vippse valfri sum for maten .

Arr: Bykle Sokneråd/speidargruppa

Alphakurs i Bykle og Valle

Frå januar til april i 2024 arrangerast kurs som går over 11 kveldar og ei helgesamling. Meir informasjon kjem.



Meld gjerne frå om du er interessert i å delta.

Toralv Frøysaa Lie, sokneprest – telefon 92628337

Kva er Alpha?

Det bør vere mogleg for alle å utforske tru, stille spørsmål og dele sine synspunkt. Alpha er ein plass der du kan utforske den kristne trua. Kvar samling tek opp ulike spørsmål rundt tru og er designa for å skape samtale.

Arr: Bykle sokneråd, Valle og Hylestad sokneråd, soknepresten i Valle og Bykle



UNGDOMMENS KULTURHUS ER EIN STAD DER LOKAL UNGDOM KAN DRIVE MED SJØLVORGANISERT AKTIVITET SOM GAMING, BRETTSPEL, DANS, YOGA, BALLSPEL, BAND, LEKSER og TEIKNING. GYMSALANE ER OPNA FOR SJØLVORGANISERT LEIK FOR ALLE FRÅ 5. TRINN OG OPPOVER. GYMSAL KAN BOOKAST I RESEPSJON ELLER BIBLIOTEK I OPNINGSTIDA TIL KULTURHUSA.

OPNINGSTIDER

BYKLE SAMFUNNHUS:
MÅNDAG OG TORSDAG: 10:00 - 17:00
MEIROPENT BIBLIOTEK FOR UNGDOM FRA 8. TRINN.
UTLÅN AV NØKKELE TIL KLUBBHUS OG BANDBINGE
UTANOM OPNINGSTIDER SKAL GJERAST AV FØRESETT SOM DÅ HAR ANSVAR FOR FASILITETANE.

HOVDEN GRENDEHUS:
MÅNDAG - TORSDAG: 08:00 - 21:00
FREDAG: 08:00 - 16:00
KUN FOR UNGDOM FRÅ KL 18:00

HUGS Å RYDDE OPP ETTER DYKK